



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget
Ekspedisjonskontoret
Karl Johans gate 22
0026 OSLO

Dykkar ref
Spm 511

Vår ref
14/351-

Dato
14.03.2014

Svar på skriftleg spørsmål nr. 511 frå representanten Sveinung Rotevatn


Representanten Sveinung Rotevatn har stilt følgjande spørsmål:

”Vil regjeringa vurdere å innføre ei merkeordning som gjev forbrukarane reelt høve til å velje produkt ut frå omsynet til dyrevelferd?”

Eg er oppteken av dyrevelferd. Regelverket for økologisk produksjon gjeld i tillegg til anna regelverk, også når det gjeld dyrevelferd. Økologiregelverket stiller ei rekkje krav som legg til rette for betre dyrevelferd.

Også innan økologisk produksjon er det mogleg å bli betre. Eg trur ikkje forbetningspunkt knytt til dyrevelferd let seg løyse med å innføre fleire merkeordningar. Slik eg ser det, er verken forbrukaren eller næringa tent med ytterlegare regelsett med tilhøyrande byråkrati og kostnader på dette området.

Med helsing


Sylvi Listhaug